

Fekk blekksprut på kroken

28.07.2009



Overraskande fangst ved Eikelandet!

Øyvind Litland vart skikkeleg overraska då han sto og fiska på ei bryggje ved Eikelandet måndag kveld. Han fekk ein velvoksen blekksprut på kroken!

- Blekksprutar er ikkje så uvanlege langs norskekysten og dette var vel ein akkar. Men det er ikkje så vanleg å få dei på kroken, seier Audun Eik som var vitne til fangsten. Han innrømmer at han ikkje har så mykje rede på blekksprutar og er takknemleg for 'påfyll' av kunnskap.

Blekkspruten vart forresten servert i familiekreten same kvelden. Dei steikte han saman med andre ingrediensar og tykte han var god.

Hvis ein bretta ut armane på denne blekkspruten vart han omtrent ein halvmeter.

I leksika kan ein lesa at akkaren kan bli opptil 60 centimeter. Her i landet blir han først og fremst nytta som agn men har vorte stadig meir populær også som mat for menneskje.

Det er særleg i dei tre nordligaste fylka akkarfisket har tradisjon og då frå september til januar.

Det siste store innsiget skjedde i perioden 1979/1984.

Akkaren lever forresten berre frå eitt til halvtanna år.

Av Ola Matti Mathisen